



ALEXANDER KJESÆTH
SKARSVEGEN 11
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18094 - 23/35824

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:
09.05.2023

Detaljregulering for fv. 565 Alversundbrua - Offentleg ettersyn og høyring

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Utval for areal, plan og miljø 26.04.23, som sak 055/23, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentlig ettersyn.

Om planforslaget

Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Alver kommune utarbeidd detaljreguleringsplan for fv. 565 Alversundbrua. Formålet med planen er å leggje til rette for eit godt vegsystem som gir god framkomst og god tryggleik for alle trafikantgrupper, inkludert gåande og syklende. Ny bru og veg skal ha ei god utforming og leggje til rette for vidareutvikling av tettstaden Alversund.

I planarbeidet skal det takast omsyn til Den Indre Farleia, pågåande planarbeid og eksisterande planar i området.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Føresegner
2. Plankart
3. Planomtale
4. VA-rammeplan
5. ROS-analyse
6. Støyvurdering
7. Naturmangfaldsrapport
8. Kulturhistoriske registreringar
9. Trafikkanalyse kryss
10. Geoteknisk grunnundersøkingrapport
11. Geoteknisk rapport
12. Orienterande miljøteknisk grunnundersøking
13. Geologi brufundament
14. Skjeringar
15. Marinarkeologiske registreringar
16. Marine omsyn
17. Vurdering av sårbarhet og tåleevne
18. Teknisk teigningshefte
19. Vegplan ny Alversundbru 2018
20. Vedtak

Plandokument og vedtak er tilgjengeleg på heimesida under [Høyringar og kunngjeringar](#).
3D-modell med ulike brutypar finn ein her: [3D-modell Alversundbrua](#)

Merknader og innspel

Perioden for offentlig ettersyn er sett frå 10.05.23 – 28.06.2023

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein sende e-post til post@alver.kommune.no, eller sende brev til Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til Planforvaltning.

Merknadsfrist er sett til **28.06.2023**

Informasjonsmøte og open kontordag

Tysdag **30. mai kl. 1830** inviterer Alver kommune og Vestland fylkeskommune til informasjonsmøte på nye Alversund skule. Møte vert halde i Auditoriet.

Dagen etter, **onsdag 31. mai**, vert det open kontordag i Vestland fylkeskommune sitt lokale på Galteråsen 7 C. Besøktid på kontoret vert mellom kl. 0900- 2000.

Send melding, eller ta kontakt med planleggingsleiar Ingar Hals for å avtale møtetid.

E-post: ingar.hals@vlfk.no

Tlf.: 974 73 361

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.